



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/338 - 19/10746

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
01.04.2019

## Oversender søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad til uttale - gbnr 10/25 Rødland

Tiltak: fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 10/25  
Tiltakshavar: Stig Helge Lea  
Ansvarleg søkjar: Jk Arkitektur AS


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF spreidt bustad for oppføring av ny fritidsbustad - gbnr 10/25 Rødland- med opplyst 138m<sup>2</sup> BYA og 87m<sup>2</sup> BRA. Det er JK Arkitektur AS på vegne av heimelshavar som fremjar dispensasjonen.

I følge matrikkelen er fritidseigedomen etablert 10.10.1947. Fritidseigedomen er etablert med ein fritidsbustad. Det står ein eldre hytte på fritidseigedomen som er oppført på 1950 talet. Hytta er i dårleg stand, for liten for dagens bruk og skal rivast. Eksisterande avkøyrsel skal utbetrast.


### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 (KPA) er sett av til LNF spreidt bustadbygging (kode 5210). Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20% BYA.

Utsnitt kommuneplan



Utsnitt grunnkart



### Tilkomst



Tilkomsten til eigedomen må skje via fylkesveg 394.

### **Veglova**

Frå mur til midlinje køyreveg er avstanden på situasjonsplanen vist til å vere mindre enn 15 meter. Frå fritidsbustad til midlinje køyreveg er avstanden vist til 11,2 meter. Byggegrensa mot Fv.394 er 15 meter. Det er ikkje dokumentert eller søkt om dispensasjon frå byggegrense mot offentlig veg, FV. 394 Rødland, jf. KPA pkt. 1.6. Det er ikkje dokumentert eller søkt om å etablere ny avkøyrse frå fylkesvegen eller avkøyrseøyve.

Kommunen ber Statens Vegvesen om uttale for moglegheita for dispensasjon frå byggegrense mot midlinje køyreveg mot Fv.394. Kommunen ber og om uttale i høve det å etablere ny avkøyrse frå fylkesvegen /avkøyrseøyve.

### **Vatn og avlaup**

Det er ikkje kommunalt vatn- og avløp i området. Ny hytte skal ha vatn klosett. Vatnhandring vil skje ved bruk av privat borehol. Avlausphandering vil skje med påkopling til privat anlegg. Det ligg ikkje føre situasjonsplan som viser korleis vatn og avløp er planlagt løyst. Det er ikkje dokumentert eller søkt om utleppsløyve til eigedomen.

### **Andre tilhøve**

Statens Vegvesen, FV 394 – gbnr 10/67- er ikkje nabovarsla. Dei vert informert om tiltaket med høyringsbrevet.

Søknaden er ikkje komplett. Kommunen har likevel valt å sende saka på høyring for å få avklart moglegheita for ein dispensasjon. Parallelt med høyringsfristen vil kommunen innhente naudsynt informasjon.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om rammeløyve - gbnr 10/25 Rødland

Søknad om rammeløyve - gbnr 10/25 Rødland

Søknad om dispensasjon

Gjennomføringsplan Lea

kvittering nabovarsel

kommunekart

situasjonsplan

plantegning

snitt

**Vedlegg:**

fasader

illustrasjoner

Grunnkart matrikkel - gbnr 10\_25

Kommuneplankart oversikt - gbnr 10\_25

Kommuneplankart - gbnr 10\_25

Ortofoto 2015 - gbnr 10\_25

**Kopi til:**

Jk Arkitektur AS	Postboks 125	5401	STORD
Jk Arkitektur AS	Postboks 125	5401	STORD
Stig Helge Lea	Åstveitskogen 26	5113	TERTNES

**Mottakrar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER